

Namn
Adresse

Postnr.- og -sted

Langevåg, 15.04.198.

Informasjon om planlagt arbeid på Indre Sula kyrkjegard

3. mai 2018 løyvde Sula kommunestyret midlar til utviding og rehabilitering av Indre Sula kyrkjegard. Dette skrivet gir eit første varsel om kva planane går ut på, og korleis den daglege drifta og besøksmogleheit blir råka av desse. Denne informasjonen går til deg fordi du står som festar på ei eller fleire gravstader.

Det blir også eit informasjonsmøte 23. mai kl. 18:00 i kjellarsalen i Indre Sula kyrkje.

Anleggsarbeid

Det er tre utfordringar vi vil utbetre i dette prosjektet.

1. Det er eit behov for å auke kapasiteten på kyrkjegarden. Vi vil difor opprette tre til fire nye gravfelt, samt skifte ut masse på eit felt på eksisterande kyrkjegard som ikkje er tatt i bruk enno.
2. Dreneringa på kyrkjegarden er for dårlig. Den teknikk som vart brukt då kyrkjegarden blei anlagt i starten av 80-talet, har vist seg å fungere svært dårlig. Å grave opp og legge nye dreneringsrør har vore forsøkt på felt C, utan å ha større effekt. Vi vil difor rehabilitera dei gamle felta. Det vil sei å grave opp 50-70 cm av jordlaget, legge ny drenering, og fylle på med ny masse som møter krava som i dag blir stilt til korleis massen skal vere på ein gravplass. Nytt nivå vil då ligge ca. ein meter over dagens nivå. Inga leivningar vil bli rørt
3. Den kommunale VA-leidninga som går gjennom dalen er tett og må leggast på nytt. Denne blir no lagt i gangveg-traséen, som blir lagt om litt – slik at den ikkje er så bratt som i dag.

Eit anleggsområde skal avgrensast med eit midlertidig gjerde. Delar av kyrkjegarden vil difor i periodar ikkje bli tilgjengeleg for publikum. Vi ber om forståing for dette.

Kva tid anleggsarbeidet kan starta opp er ikkje klart, men så snart oppstartsdato er satt vil du på nytt bli varsla.

Handtering av gravminne

Entreprenør vil stå ansvarleg for handtering av dei aktuelle gravminna. Gravminna vil bli nøye koordinatfesta og fotografert, før dei blir tatt vekk midlertidig, og sidan satt tilbake på same koordinatar - ein meter høgre opp. Eventuelle skader på gravminna i samband med arbeidet blir sjølvsagt erstatta.

Gravferd i anleggsperioden

Det vil bli halden gravferd på kyrkjegarden så langt som råd er. Anleggsarbeidet vil stanse under gravferd. Dersom pårørande ønsker å nytte ei festa grav som ligg i eit felt som er under rehabilitering har vi ei utfordring. Eg vil i samråd med pårørande, ev. gravferdsbyrå, søkje å finne den beste løysinga. Det kan vere tre mogleigheter:

1. Ein kan velje kremasjon. Då vil en kunne vente til gravfeltet er ferdigstilt før ein gjennomfører urnenedsettinga. Gravferdsforvaltar vil dekke omkostningane ved kremasjon ved Ålesund krematorium. Gravferdslova § 1 seier at «kremasjon kan skje med mindre det er kjent at det var i strid med avdødes ønske.»
2. Ein kan velje ein ny gravstad. Ein kan gjennomføre kistegravferda som normalt, og søkje om å få flytte symbolsk den/dei som var gravlagd i den festa gravstaden. Slik vil ein fortsatt ha eit felles gravminne.



DEN NORSKE KYRKJA

Sula sokn

3. Ein kan velje å likevel ikkje nytte den festa grava. Ein får også moglegheit til å velje gravlegging på Langevåg kyrkjegard om ønskeleg.

Informasjonsmøte

Onsdag 23. mai vil det bli eit informasjonsmøte i kjellarsalen i Indre Sula kyrkje. Dei som ønskjer å ta del på møtet vil få sjå nokre skisser av arbeidet som skal gjerast. Det blir også høve til å stille spørsmål.

Ta kontakt med kyrkjekontoret i 3. etg. på Sula rådhus, Sloghaugvegen 13, eller skriv e-post om du har spørsmål. Kontaktinfo finn du nedst i dette brevet.

For Sula sokn

Jan Erik Hovland
kyrkjeverje

Kontoradresse:
Rådhuset
6030 LANGEVÅG

Postadresse:
Postboks 228
6039 LANGEVÅG

Ekspedisjonstid:
Tysdag til torsdag 10:00 – 14:00
Telefon: 70 19 96 00

Bankkonto: 4212.23.01200
Org.nr: 976 997 328
E-post: kyrkjekontoret@sula.kommune.no